



Årsmelding 2014

Styret

Leiar	Knut Johan Tjugen	6789 Loen	på val
Nestleiar	Salvatore Ligia	6750 Stadlandet	på val
	Sonja Skåre Esperø	6798 Hjelledalen	
	Ragnvald Bergset	6795 Blaksæter	
	Heidi Håheim	6788 Olden	på val
Avløysar rep	Joar Sunde	6788 Olden	
Varamedlemmer	1. Magnar Barmen	6750 Stadlandet	på val
	2. Oddbjørn Reme	6793 Innvik	på val
	3. Joar Tjellaug	6799 Oppstryn	på val
Vara avløysarrep	Hans Petter Hånes	6750 Stadlandet	
Verneombod	Joar Sunde	6788 Olden	
	Tlf 57 87 71 86	mob 958 18 150	
Revisor	PriceWaterHouseCoopers v/Asle Loen	6783 Stryn	på val
Valnemnd			
Leiar	Svein Per Ervik	6750 Stadlandet	på val
	Edvar Tvinnereim	6796 Hopland	
	Antonia K. H. Kongsvik	6781 Stryn	på val
Vara	Bente Drageset	6793 Innvik	

I 2014 har laget 183 medlemmar (2013: 184 medlemmar). Vi har arbeidsgjevaransvar for 137 medlemmar inkl 3 næringsdrivande.

Lønn som er utbetalt gjennom laget:

- Ferie/fritid kr 3 904 413. Av dette er kr 2 011 208 lønn til familie avløyning
- Sjukdomsavløyning kr 1 051 052
- Andre oppdrag kr 1 964 320
- Landbruksvikar kr 807 461

Avløyning

Vi har i 2014 to avløyningarringar i Stryn kommune. Oldedalen/Olden Avløyningarring og Randabygda Avløyningarring. I begge er det 6 medlemmar. I kvar av ringane er det ein fast tilsett.

Utanom ringane, har vi ikkje nokon fast som kan ta avløyning i sitt nærrområde.



Landbruksvikarordninga

I 2014 er Per Hilde tilsett i 100% fast stilling og Trude Mari Kvamme tilsett i 50% fast stilling (frå 15 09) i Hornindal kommune og Stryn kommune. I tillegg har vi i Selje kommune Hans Petter Hånes og i Stryn kommune Ronny Twinnereim på avtale under denne ordninga.

Frå 2014 har Hornindal Avløysarlag og Vest Landbrukstenester inngått avtale om felles landbruksvikar. I Hornindal gjekk det ut eit skriv om ordninga og landbruksvikarordninga vart presentert i Fjordingen.

Bemanning på kontoret

Dagleg leiar Knut Sigurd Gald i 70% stilling. Rand Rekneskapskontor v/Liv-Ingrid Iversen
Rand har sjukdomssaker og rekneskapet til Vest Lt.

Styremøter

Styret har hatt 4 styremøter i 2014, der mellom anna desse sakene er handsama:

- Endring av innbetalingsrutinar for uteståande hjå medlemmane
- Medlemskontingent
- Tilsyn i laget av Arbeidstilsynet
- Høyring – forskrift om avløysarrefusjon og produksjonstilskot
- Komande endringar i løns- og rekneskapsprogramma

Årsmøte

Årsmøtet vart halde på Stryn Hotel 24. mars 2014, med til saman 15 personar.

Landbruksvikarkurs – avløysarkurs

Dette årlege kurset er eit samarbeid mellom Hordaland og Sogn og Fjordane, og vart arrangert for 7. gong på Skei Hotel i Jølster. I 2014 var det 3 deltakarar frå Vest LT.

Haustsamling på Gardermoen

Der deltok dagleg leiar Knut Sigurd Gald. I framkant av haustsamlinga deltok DL på kurset for ny heimeside.

Tema på haustsamlinga:

- NLT sin strategiplan 2015 - 2018
- Tilsettes/tillitsvaldes time med diskusjon om kva konsekvensar vi får med dagens politikk for laga og for organisasjonen
- Fylkesvise samlingar
- Kompetanseheving og rekruttering av arbeidskraft
- A-ordninga v/Skatteetaten

Kontordag i Selje

Liv-Ingrid og Knut Sigurd hadde kontordag på Cafe Cornerstone på Leikanger 12. november 2014. Det var bra oppmøte, men det kunne vore fleire som nytta seg av mulegheita til å treffe oss. Frå administrasjonen si side ser vi det som svært nyttig å ha desse kontordagane slik at vi har høve til å treffe medlemmane i Selje over ein kaffikopp og for dei å kunne ta opp sine saker direkte.



Førjuls møte

Onsdag 26. november var kontortilsette og styret samla til styremøte på Visnes Hotel, Stryn. Administrasjonen hadde i tillegg møte med den gruppa tilsette som arbeider bortimot full stilling i laget. Mellom desse to møta vart det servert juleallerken.

Datasystemet

Datasystemet vårt er tilslutta terminalserver hjå Norske Landbrukstenester (NLT). Vi brukar framleis SunPro lønn og SunPro rekneskap, som dataverktøy. Frå 1.1.2015 er eit nytt lønnsprogram teke i bruk, SunPro Lønn utgåve 2 (SL2). Denne er tilpassa den nye A-ordninga til Skatteetaten, som har ein del endringar på rapportering av lønn. M.a. skal all lønn være rapportert inn til Skatteetaten innan den 5. i månaden etter lønnsutbetaling. Lønns- og trekkoppgåve fell vekk.

Heimesida

Vi har fått ny heimeside med ny utsjånad og inngått avtale med Netsense som ny leverandør av heimesida.

Diverse

- Henrik Rosenlid er ny eigar av kontorlokala frå 01 09 2014, leigeforholda er ført vidare med den nye eigaren.
- Det er kjøpt inn ny frankeringsmaskin
- I desember 2014 fekk vi førespurnad frå Hornindal Avløysarlag om samarbeid/fusjon. Prosessen er i gong og skal handsamast i felles styremøte og i årsmøte/ekstraordinært årsmøte i begge laga i løpet av vinteren/våren.
- Arbeidstilsynet har ein runde i landbrukstenestene over heile landet, som dei tek fylkesvis. I november 2014 var turen kome til Sogn og Fjordane. Det var innkalla til felles møte i Førde, og tilsynssak er opna i kvart lag. Vi arbeider med å få på plass dei krava som Arbeidstilsynet har påpeika.

Ulvedal 24. mars 2015

Knut Johan Tjugen
- Styreleiar -